


# ÅRSMELDING 2018

## Alversund sokneråd



## SOKNERÅDET 2018:

Laila Tvedt	Leiar
Tove Sneås Skauge	Nestleiar og skrivar
Harald Osland Øvretveit	Representant i Lindås kyrkjelege felle råd
Tove Legernes	Representant i byggekomité for sokkeletasje i Knarvik kyrkje
Bjørn Eirik Hjørnevik	Representant i Stiftinga Alversund kyrkjelydshuset
Kjersti Hodnekvam	Representant for Fjon Fjellkyrkje
Jannicke Kvamme Krüger	Representant i Stiftinga Alversund kyrkjelydshuset
Terje Øpstebø	Representant i kyrkjelydsbladet Kyrkjekontakten
Annie Tyløy	Kasserar – frå januar til mars. Flytta ut av soknet i april
Ivar Atle Skaar	Medlem
Ingunn Dale	Medlem
Mary Hosøy	Varamedlem
Geir Øy	Sokneprest

Oppgåva som kasserar i soknerådet vart tatt over av Laila Tvedt i april. Frå 1. august var Synnøve Bjørndal kasserar.

Soknerådet har hatt 6 møte og handsama 81 saker.

Arbeidsutvalet, som består av leiar, nestleiar og sokneprest, har hatt møte eller kontakt i forkant av kvart soknerådsmøte.

## DEI TILSETTE MED TENESTE I KYRKJELYDEN PR. 31.12.18:

Synnøve Bjørndal	sekretær	60 % (samt 20% prostesekretær) (Soknerådet har dekkja ytterlegare 10 % stilling frå 1. august og ut året.)
Odd Leif Mjøs	kantor	100 % stilling
Nina Jenny T. Monstad	trusopplærer	80% stilling
Helle L. Kartveit	trusopplærer (primært konfirmantar)	60% stilling (vikar frå august)
Einar Reite	ungdomsarbeidar	20% stilling (vikar frå august)
Torbjørn Sæle	spesialprest (barn, unge, unge familiar)	100% stilling
Geir Øy	sokneprest	100 % stilling
Kristine Rykkje Hopland	trusopplærer	80% stilling (permisjon frå april)

Magne Bjørndal er prostiprest/seniorprest i 50% stilling. Han høyrer til staben i Knarvik kyrkje, og deltek aktivt i kyrkjelyden, samstundes som han gjer teneste i andre kyrkjer i prostiet.

## STATISTIKK:

	2018	2017	2016	2015
Gudst. søn- og heilagdag:	69	72	69	64
Dåp:	48	67	55	79
Konfirmantar:	66	58	58	78
Vigslar:	13	13	6	10
Gravferder:	39	37	50	33

Gjennomsnittleg gudstenesteframmøte på søn- og heilagdaggar:

	<b>2018</b>	<b>2017</b>	<b>2016</b>	<b>2015</b>
Soknet under eitt	136	139	142	144
Knarvik kyrkje	139	147	154	146
Alversund kyrkje	129	122	114	140

Alversund kyrkje var stengt januar-april grunna utskifting av fem av dei store blyglas-vindauga i kyrkja.

Gjennomsnittleg nattverddeltaking på søn- og heilagdaggar:

	<b>2018</b>	<b>2017</b>	<b>2016</b>	<b>2015</b>
Soknet under eitt	96	78	81	

## **MELDING OM ARBEIDET I KYRKJELYDEN**

### INNLEIING

Av det som var nytt i 2018 kan nemnast tre nye årskull blei inviterte til samlingar i samsvar med trusopplæringsplanen. Det blei arrangert HalloVenn siste dagen i oktober i Knarvik kyrkje. Det var invitert til julevandring for barnehagane i soknet i Knarvik kyrkje. Det har vidare blitt gjort vedtak om samanslåing av Alversund, Seim og Lygra sokn. Ved soknerådsvalet til hausten blir det ei soknerådliste for det nye Knarvik sokneråd.

Hausten 2017 starta mange nye tiltak etter at Kyrkjekjellaren vart teken i bruk. I 2018 har desse tiltaka halde fram. Dette gjeld ungdomskoret Remedy, Ungdomslørdag og Kulturkafeen.

### GUDSTENESTER

Regelen er at det er gudsteneste i Knarvik kyrkje kvar søn- og heilagdag. Det er gudsteneste i Alversund kyrkje siste sundag i månaden, i tillegg til konfirmasjon, 17. mai, minnegudsteneste og julaftan. Denne søndagen er det kveldsgudsteneste i Knarvik kyrkje.

Det er tilbod om dåp i Knarvik dei sundagane det ikkje er gudsteneste i Alversund eller i Seim kyrkje. Det er då tilbod om dette nesten kvar søndag gjennom året i ei av dei tre kyrkjene.

Talet på gudstenestedeltakarar er nokså likt samanlikna med 2017. Det var ei eiga samling for barn under den felleskyrkjelege gudstenesta i februar. Desse borna blei ikkje rekna med i gudstenestetalet. Nedgangen i gudstenesteframmøtet tilsvarar det talet på barn som var på samlinga i Kyrkjekjellaren den dagen.

I årsmeldinga for 2017 vart det meldt at «talet på leiarar er for få til at søndagsskulen kan oppretthalde tilbodet som det har vore fram til no». Det er no kun søndagsskule på einstilte søndagar.

Talet på gudsteneste-medhjelparar i soknet er om lag 60 personar.

### TRUSOPPLÆRINGSTILTAK

Det er tilbod om babysong 0-2 år måndagar i skuleåret i Knarvik kyrkje.

Trusopplæringsplanen seier at det skal vere ei breiddesamling for kvart årskull. I 2018 blei nye årskull inviterte til slike tiltak. 6-åringar i Knarvik blei inviterte til «Førsteklasses», ei kreativ øving med Knarvik barnegospel. I Alversund-krinsen blir dei inviterte til ei samling våren 2019. 9-åringar og 10-åringar blei inviterte til ei felles gudsteneste for Alversund, Seim og Lygra sokn i Lygra kyrkje. Etter gudstenesta var det kyrkjemiddag på Myksvoll bedehus og «Mesternes mester»-arrangement på Myksvoll grendehus. Desse breiddetiltaka er alt innarbeidde frå før:

- To gonger i året blir 4-åringar inviterte til familiegudsteneste med utdeling av «Mi kyrkjebok».
- 8-åringar blir inviterte ein laurdag til Tårnagent-samling og deltaking på gudstenesta dagen etter.

- 11-åringar blir inviterte til arrangementet «Lys vaken» frå laurdagen før første søndag i advent, med overnatting i kyrkja, og deltaking på gudstenesta søndagen.

Målet er at det skal vere eit breiddetiltak for kvart årskull, og alle døypte barn blir inviterte til desse samlingane. Det er ein plan for kva bibelhistorier borna skal møte på dei ulike samlingane.

### KONFIRMANTARBEIDET

Konfirmantarbeidet er i eit godt spor. Etter presentasjonsgudstenesta møter konfirmantane til kick-off i Knarvik kyrkje ein fredag og laurdag i september.

Mesteparten av undervisninga finn deretter stad gruppevis i Kyrkjekjellaren etter skuletida.

Det er konfirmant-weekend i Sætervika i januar.

Konfirmantane deltar i Kirkens Nødhjelp sin årlege innsamlingsaksjon like før påske.

Kvar konfirmant deltar på eit kontinuerleg tiltak for ungdomar i kyrkja, i eit av bedehusa eller på KRIK i Nordhordlandshallen.

### KOR-ARBEID

Det er sju kor i soknet. Tre barnekor øver i Alversund kyrkjelydshus. Det er Solstrålen for dei yngste, SingSingeling som dekker dei første årsklassane i barneskulen. SingOut er for dei eldste årsklassane i barneskulen. I Knarvik kyrkje øver Knøttekoret, som er for dei yngste. Knarvik Barnegospel er for barn som har begynt på skulen.

Ungdomskoret Remedy har 10-15 ungdomar som er med på øvingane. Koret vert leia av Solvor Osland Lilleberg.

Vaksne har tilbod om å vere med i Knarvik gospel under leiing av Eli Eidsnes eller Alversund kammerkor under leiing av Odd Leif Mjøs.

### UNGDOMSLØRDAG

Annankvar laurdag er det Ungdomslørdag i Kyrkjekjellaren med felles måltid, aktivitetar og leikar, andakt og bønnevandring. Tilbodet er frå 8. klasse og oppover og ein av aktivitetane konfirmantane kan velja å vera med på.

### KOM INNOM

Det er «Kom innom» annankvar onsdag med vaflar og kaffi; ein uformell møteplass på kyrkjeterget. Barnekora som øver i kyrkja nyt godt av «Kom innom».

### KYRKJEKLUBBEN

«Kyrkjeklubben», som er for menneske med utviklingshemming, har samling første måndag i månaden. Det er om lag 15 deltakarar og like mange følgjepersonar som kjem på klubben. Klubben har vist seg å dekke eit behov hos ein del brukarar som ikkje kan nytte seg av andre tilbod. Tiltaket er eit samarbeid mellom Osterfjorden sokneråd og Alversund sokneråd. Ein klubb-kveld er delt i tre. Det er først ei samling med song og underhaldning, sidan kveldsmat og til sist ei kort gudsteneste i kyrkjerommet.

### HUSGRUPPER

Det er fire bibelgrupper eller husgrupper i kyrkjelyden. Tre grupper samlast i heimane og ei gruppe i Alversund kyrkjelydshus. To grupper består av unge vaksne frå Meland og Knarvik og er eit samarbeid med Meland kyrkjelyd. Desse gruppene samlast kvar veke.

### MISJONSPROSJEKT

Soknerådet vedtok at ein gjennom Det norske misjonsselskap (NMS) ville ha eit misjonsprosjekt i Estland. Avtalen blei overrekket på gudstenesta med deltaking frå NMS søndag 26. mars. I august hadde vi besøk frå misjonsprosjektet på ein temakveld med Saku Gospel i kyrkjekjellaren. Kyrkjelyden vil over tid bli kjent med kyrkjelydar i Estland.

## SAMARBEID BARNEHAGE - SKULE – KYRKJE

Nytt i 2018 var julevandring for barnehagane i soknet i Knarvik kyrkje. For nokre år sidan var det også tilbod om ei julevandring i Alversund kyrkjelydshus. Borna fekk leva seg inn i juleforteljinga og vandra gjennom kyrkjerommet og fram til stallen ikledd enkle kostymar. Dei tilsette i barnehagane gav svært god tilbakemelding på dette tiltaket.

I desember var det til saman 5 skulegudstenester i Alversund kyrkje og Knarvik kyrkje. Samarbeidet med skulane er godt.

Det har også vore enkelte besøk frå skule og barnehage i kyrkjene våre.

## ALVERSUND KYRKJELYDSHUS

For soknerådet er det viktig framleis å ha merksemd retta mot Kyrkjelydshuset i Alversund. Det er å sjå som «arbeidskyrkja» i den delen av soknet der eit fleirtal av befolkninga bur. 3 barnekor – Solstrålen, Sing Singeling og Sing Out – øver fast i kyrkjelydshuset. Speidarane har også fast aktivitet der. Det er jamleg eldretreff, kalla Kaffikos, som den eldre kyrkjeriingen står for. Kyrkjeriingane sitt arbeid er her av stor verdi. Soknerådet er representert i Stiftinga Alversund kyrkjelydshus, og ser positivt på at økonomien i kyrkjelydshuset er solid.

## SAMARBEID MED KYRKJELYDAR OG ORGANISASJONAR

Den 18. februar var det for tredje gong felleskyrkjeleg gudsteneste i Knarvik kyrkje, i år med samlingar heile helga saman med Egil Svartdahl. Søndagen var det også for første gong stort barneopplegg i kyrkjekjellaren parallelt med gudstenesta. Ei rekkje kyrkjelydar og forsamlingar stod bak arrangementet, som til saman samla om lag 770 menneske søndagen.

På olsok-kvelden er det felles gudsteneste for alle kyrkjelydane i prostiet på Fjon Fjellkyrkje.

HalloVenn vart arrangement for første gong som eit alternativ til Halloween-feiringa i samarbeid med mange lokale kristne forsamlingar. Ved 400 påmeldte born måtte billettsalet stoppast fleire dagar på førehand. Heile kyrkja vart teken i bruk og fylt med store hoppeslott, trylling og ei rekkje ulike aktivitetar. Når ein arrangerer HalloVenn må ein legge opp arrangementet i samsvar med retningslinjer frå dei som har rettar til arrangementet. Det er eit allment arrangement og det skal vere utan forkynnande element.

I samarbeid med NMSU har vart det frå hausten av starta Leiarkurs for ungdom i Knarvik kyrkje. 7 av vårens konfirmantar har deltaka på kurset og hatt praksis på ulike trusopplæringstiltak.

## ANDRE ENKELTTILTAK

I januar blei det arrangert medarbeidarfest for alle frivillige i kyrkjelyden. Om lag 75 personar samlast på Petersplassen.

I mai var det avskjed for prost Geir Sørebo i samband med kveldsgudstenesta siste søndag i månaden.

19. august var det innsetting av Helge Taranrød som ny prost.

I november tok kyrkjelyden imot Hordaland teater med førestillinga Babettes gjestebod.

## **UTVAL, NEMDER OG ANNA VERKSEMD I KYRKJELYDEN**

«ROSEPROSJEKTET»: Jubilantar får helsing frå kyrkjelyden frå dei fyller 80 år og kvart femte år etter det. Dei får ein blome og eit brev frå kyrkjelyden. Aud Palmesen har vore koordinator for dette arbeidet.

**KYRKJEKONTAKTEN:** Kyrkjelydsbladet kom ut med fire nummer. Sidan 2017 har bladet blitt gitt ut i samarbeid med Meland sokneråd som gir ut «Kontakt» og Osterfjorden sokneråd og Mo sokneråd som gir ut «Kyrkjegløtten». Dei midtarste åtte sidene er felles og har stoff frå alle dei tre krinsane. Dei fire første og fire siste sidene er lokale for kvart blad. Redaktøren bladet er Gunvor Taule Mjanger. Kvart av dei tre blada har sin eigen økonomi. Kyrkjekontakten gjekk med eit lite overskot i 2018. Inntektene er frivillige gåver og annonsar.

## ØKONOMI / UTLEIGE I KYRKJE OG KYRKJELLAREN

Den verksemda soknerådet har ansvar for baserer seg på innsamla midlar, i hovudsak kyrkjeoffer. 20 av 65 offer går til kyrkjelydsarbeidet eller Knarvik kyrkje og 2 til Alversund kyrkjelydshus.

Det var 24 faste gjevarar pr. 31.12. Desse bidreg med kr 143.000 pr. år.

Rekneskapan for 2018 blir lagt fram på årsmøtet.

Når ein tilskipar leiger kyrkja til konsertar eller andre arrangement, kostar det 15 % av billettinntektene med kr 3000 som eit minimumsbeløp. Det blei arrangert om lag 35 konsertar i Knarvik kyrkje.

Leigeinntekter frå andre kyrkjer i Lindås kyrkjelege fellesråd tilfell fellesrådet. I Knarvik kyrkje tilfell desse inntektene fondet som dekker lån og avdrag i Kyrkjekjellaren.

Kyrkjekjellaren blir leigd ut til familiehendingar og ulik møteverksemd. Fellesrådet betalar kr 150 000 i årleg leige for kyrkjekontora.

I første heile rekneskapsår etter at Kyrkjekjellaren var ferdig, dekka inntektene frå konsertar og utleige renter og avdrag som er på kr 400 000 årleg.

Avdrag/renter på lån	Kr. 397 000
Konsertar (2018 og ein rest frå 2017)	Kr. 144 000
Leige av kyrkjekontor	Kr. 150 000
Leigeinntekter i kyrkjekjellaren	Kr. 115 000

Gåver, takkoffer og gjevarteneste til Knarvik kyrkje på ca. kr. 65.000 kan i år overførast til fond for Knarvik kyrkje.

Soknerådet ser det som verdifullt at kyrkja blir brukt til ulike typar arrangement og samkomer. Det gir eit flott kulturtilbod i kyrkja, og mange frå soknet og bygdene rundt søker til kyrkja. I august tok til dømes Knarvikmila kyrkja i bruk for første gong med eit eldreseminar, og kyrkja var fullsett under dette arrangementet.

## SLUTTORD

«Å byggje kyrkjelyd» er viktig for soknerådet. Det er viktig å skape gode møteplassar og gode gudstenestefellesskap, med rom for alle. Det er eit ønskje at kyrkja vår står fram som open, inkluderande, vedkjennande og misjonerande. Måtte kyrkja vår, ved Guds hjelp, stå fram slik.

ALVERSUND SOKNERÅD TAKKAR ALLE SOM PÅ ULIKE MÅTAR STØTTAR  
OPP OM ARBEIDET I KYRKJELYDEN!  
MÅ HERRENS VELSIGNING FØLGJE DYKK I TENESTA.